

Gruppenivå				
Oppgåve	Tiltak	Resultatmål	Tidspunkt	Ansvarleg
Eleven sin kjennskap til arbeidslivet sine krav og forventingar	<ul style="list-style-type: none"> - Informasjon ved skulestart - Integrert del av undervisninga - Utplassing i bedrift i faget YFF 	Eleven skal få god forståing for arbeidslivet sine krav og forventingar	Frå skulestart og heile skuleåret	Avdelingsleiar Kontaktlærar YFF-lærar Rådgjevar YFK
Styrke skulen sitt nettverk og sikre forplikande avtalar for kontakt med bedrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Oppsøkjande verksemd med informasjon og relasjonsbygging - Invitere bedrifter inn på skulen, til dømes seksjonsvis 	<ul style="list-style-type: none"> - Få eit tett og godt samarbeid mellom skulen og næringslivet i regionen - Bedrifter forpliktar seg til å ta imot elevar i utplassing og som lærlingar 	Fortløpande	Rektor Avdelingsleiar YFK Lærarane Rådgjevar
Bidra i arbeidet med å skaffe fleire lære plassar og informere om lærlingordninga	<ul style="list-style-type: none"> - Kontakt med bedrifter i samband med utplassingar, bedriftsbesøk og oppsøkjande verksemd - Infomøte for lærarar på yrkesfag for å kunne rekruttere lærebedrifter 	Tilbod om lære plass til alle som ønskjer det og er kvalifisert	<ul style="list-style-type: none"> - Kontakt med bedrifter skjer fortløpande - Infomøte for lærarar på yrkesfag i september (NB! Dette skuleåret blir infomøtet halde i februar 2018) 	Alle Ansvarleg for infomøtet: Avdelingsleiar og YFK
Bruk av faget YFF som arena for å få lære plass	<ul style="list-style-type: none"> - Utplassing i bedrift i faget YFF 	Alle elevane	Plan for utplassing vert utarbeida på kvar seksjon	Fagansvarleg YFF-lærar YFK
Arrangere eller oppsøke arenaer der elevar blir sett i kontakt med potensielle lærebedrifter. Eks utdanningsmesser, yrkesfagdagar, karrieredagar og bedriftsbesøk, anten i bedrift eller på skulen	<ul style="list-style-type: none"> - Utdanningsmessa på Vikahaugane - «Open dag» på skulen - Informasjon frå tilsette i bedrifter/ opplæringskontor direkte til klassane - Bedriftsbesøk 	<ul style="list-style-type: none"> - Elevane skal få innsikt i- og kunnskap om kva alternativ dei kan velje mellom for den vidare utdanninga si - Elevane skal få kunnskap om kva krav og forventingar eit læreløp inneber 	<ul style="list-style-type: none"> - Utdanningsmessa og «Open dag» er i januar - Øvrige aktivitetar skjer fortløpande 	<ul style="list-style-type: none"> - Utdanningsmessa: Ass. rektor og rådgjevar - «Open dag»: Avdelingsleiar og YFK - Øvrige aktivitetar: Alle

Gruppenivå				
Oppgåve	Tiltak	Resultatmål	Tidspunkt	Ansvarleg
Oversikt og informasjon om søknadsfristar og søknadsprosess opp mot opplæringskontor og lærebedrifter	a) Karriere-rettleiing med kvar klasse i auditoriet b) Informasjon i klassane	Få i gong søkeprosessen hos eleven og få dei medvitne om kva dei kan velje, søknadsfristar m.m.	a) Siste halvdel av oktober b) Fortløpande, særskilt fokus i januar og februar	Rådgjevar YFK Kontaktlærer
Klar for jobb – gje eleven kompetanse til å søkje jobb og presentere seg som jobbsøkjjar med mål om lære plass	- Karriere-rettleiing - Lage seg ein jobbsøknad og ein CV - Øving i å presentere seg sjølv, oppsøkje bedrifter, marknadsføre si eiga arbeidskraft for ein arbeidsgjevar og intervjutrening	- Elevane får øving i å gjere ting som er utanfor komfortsona - Elevane får øving i det å vere aktive søkjarar etter lære plass - Elevane blir klar over at det å søkje lære plass er annleis, og krev meir eigeninnsats, enn å søkje skuleplass i Vigo	Fortløpande. Særskilt fokus i alle klassar i desember, januar og februar.	Kontaktlærer Norsklærer Rådgjevar YFK

Individnivå				
Oppgave	Tiltak	Resultatmål	Tidspunkt	Ansvarleg
Interessekartlegging	- Startsamtale - Elevsamtaler	Eleven skal få opplæring og praksis i faget som er yrkesmålet til eleven	Startsamtale rett etter skulestart. Elevsamtaler gjennom skuleåret	Kontaktlærer
Karriererettleiing	Yrkes- rådgjeving	Eleven skal få rettleiing til å kunne velje sin utdanningsveg	Fortløpande. Eleven bestiller time hos rådgjevar	Rådgjevar Elev
Oversikt over kven som til ei kvar tid har fått seg læreplass	- Utarbeide klasselister som heng oppe på kvar seksjon. - Månadleg rapportering til YFK den 1. i kvar månad frå og med 1. februar	God og oppdatert oversikt over kven som til ei kvar tid ikkje har fått læreplass	Vårsemesteret	YFK
Kva gjer skulen for dei som ikkje har fått avtale om læreplass innan 1. mai	Gje individuell rettleiing og oppfølging til elevar som ikkje har fått læreplass innan 1. mai	Sikre at me har gjort alt me kan for at eleven skal få læreplass	Mai og juni	Kontaktlærer YFF-lærer Rådgjevar YFK
Identifisere dei elevene som vil ha utfordringar knytt til det å få seg læreplass – tidleg innsats*	Må utarbeidast. YFK er i dialog med kontaktlærer. Må kome tilbake til dette.			
Bruk av ressursteam med tanke på formidling	Til drøfting i desse dagar. Må kome tilbake til dette.			

* **Elevar med utfordringar – spørsmål som melder seg:**

Lærekandidat? Grunnkompetanse? Eigen klasse eller i ordinær klasse? PPT? Eleven sine rettar? Eleven sine foreldre? Kva ligg i elevmappa? Er eleven utreda? Er eleven tatt inn på spesielle vilkår?

Bestilling frå prosjektleiinga:

Det skal lagast ein plan for arbeidet med formidling mot læreplass på skulane som har YFK.

YFK i samarbeid med leiing og tilsette på skulen lager denne planen.

Tanken med planen er at skulen skal få skriftleggjort det arbeidet som er knytt til skulens rolle og ansvar for å sikre gode overgangar inn i vidaregåande skule, mellom Vg1 og Vg2 og mellom Vg2 og opplæring i bedrift, læretid. Og dermed sikre auka gjennomføring.

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skuleåret 2016-2018

Auka læringsutbyte og fullføring

Prosjektet har som mål

Auka gjennomføring - fleire ut i lære

Prosjektet skal arbeide mot ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Prosjektet har følgjande leveranssmål:

- Etter retningslinjer frå styringsgruppa og i samarbeid med prosjektleiing og lærar sikre og utvikle eit system for forpliktande samarbeid mellom bedrift og skule. Særskilt fokus på faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) og sikre heilskap og yrkesforankring mot ønskja lærefag frå første dag i vidaregåande skule.
- Sikre at det vert informert om søknadsprosessen, arbeidslivets krav til elevar, og gitt informasjon til bedrifter om fag- og yrkesopplæringa.
- I samarbeid med skulen sikre at det er gode system og forpliktande avtalar for kontakt med bedrifter i regionen som det er naturleg at skulen samarbeider med. Styrke skulens nettverk og i samarbeid med lærarar og elevar drive merkevarebygging og gjere skulen attraktiv for næringslivet rundt.
- I samarbeid med skulen og gjennom faget YFF, etablere arena for relasjonsbygging med tanke på formidling. Sikre at lærarar som har kontakt med aktuelle bedrifter kan gi nødvendig informasjon og rettleiing om krav til opplæring i bedrift og krav for å kunne bli godkjent lærebedrift.
- Sikre system og oversikt over når og i kva bedrift/-er elevane er i arbeidspraksis. I samarbeid med lærarar og leiarar i YFF sikre system for å planlegge, gjennomføre og følge opp elevar i arbeidspraksis.
- YFK skal sikre systematisk arbeid for grupper av elever som kan ha utfordringar i overgangen frå elev til lærling/lære kandidat. YFK skal opprette og sikre godt samarbeid mellom skule og attføringsbedrifter og opplæringskontor.
- YFK skal i samarbeid med lærer ha fulle og heile oversikt over skulens samla mengde søkjarar. YFK og lærar kan være ein koordinator i enkelte tilfelle og ei støtte for bedrift, og kople på andre samarbeidande instansar ved behov.